

# Emnerapport 2012 haust

## Emnekode og navn: Noli 322 /noli 212 Døden i litteraturen

### Faglærers vurdering av gjennomføring

**Praktisk gjennomføring:** I dette kurset vert det 12 dobbeltimar fordelt mellom tre forelesarar frå UiB samt 1 gjesteforelesing gitt av ekstern forskar.

Kurset var eit tilbod både for studentar på 200- og 300-nivå.

Studentane har skrive semesteroppgåve og mottatt rettleiing på denne, i tillegg vart det gjennomført munnleg eksamen. Denne todelte eksamens- vurderingsforma gjev studentane positive tilbakemeldingar på.

Studentane vart oppmoda om å halda ein kort presentasjon av ein valfri pensumtekst. Dette fungerte ofte godt til å få i gang diskusjonar i gruppa.

**Studieinformasjon:** Informasjon om dette kurset var å finne på instituttet sine nettsider. Det vart i tillegg gitt informasjon på orienteringsmøtet i byrjinga av semesteret.

**Tilgang til relevant litteratur:** Den skjønnlitterære delen av pensumlista var tilgjengeleg på Studia.

Sekundærlitteraturen var berre delvis klar ved semesterstart og studentane vart presentert for anbefalt litteratur gjennom semesteret, dette var det nokon som fann krevjande og frustrerande. Studentane hadde i dette faget relativt stor fridom med tanke på å velja seg eit individuelt pensum, dette vart i liten grad utnytta.

### Faglærers vurdering av rammevilkåra

**Lokaler og undervisningsutstyr:** Forelesingane vart gjennomført på eit seminarrom på Sydneplass 12/13. Dei ulike førelesarane nytta ulike hjelpemiddel som powerpoint og støtteark.

### Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)

**Metode – gjennomføring:** Studentane meiner dei har vorte presentert for interessante tekstar og perspektiv. Det er ser også ut til å vera semje om at det er positivt med ulike førelesarar på det same emnet. Studentane har opplevd faglærarar som engasjerte og imøtekomande.

Enkelte studentar har kommentert at førelesar ikkje må ta omsyn til studentar som ikkje er budd til timen. Dette er eit godt innspel, og faglærar vil ta det med seg vidare.